Årsplan Høydalsmo barnehage
barnehageåret 2022 – 2023

Velkommen til nye Høydalsmo barnehage

Høydalsmo barnehage er ein kommunal barnehage. I august 2022 flyttar me inn i nye lokalar i Høydalsmo, etter eit år i Lårdal. Me gler oss til å ta i bruk eit moderne bygg som lettare vil møte krava frå våre retningsliner.

Barnehagen har to aldersdelte avdelingar. Det vil sei, delt opp etter alder slik at aktivitetar og tema er tilpassa barnas alder og utvikling. På avdeling Tuss er det barn mellom 1 og 3 år. På avdeling Troll er det barn mellom 3 til 6 år. Desse avdelingane samarbeider tett og kan vere saman på morgonen og ettermiddagen.

Opningstid:	Fem dagar veke, kl. 07.00 – 16.30.
Besøksadresse:	Knut K. Hovdens veg 7, 3891 Høydalsmo
Postadresse:	Storvegen 60, 3880 Dalen

Kontaktinformasjon:

Styrar: Dagny Skjelbreid 47 66 24 20 dagny.skjelbreid@tokke.kommune.no

Avdeling Tuss : 40 91 24 40
Pedagogisk leiar: Ingrid Staver ingrid.staver@tokke.kommune.no
Assistent: Yasin Yusuf Khalif
Fagarbeider: Marianne Støyle Rasmussen

Avdeling Troll: 40 91 46 38
Pedagogisk leiar: Anne Tveito Skjævesland
anne.tveito.skjaevesland@tokke.kommune.no
Pedagogisk leiar: Ingunn Kasland ingunn.kasland@tokke.kommune.no
Barnehagelærar: Bjørg Astrid Gullseth
Fagarbeidar: Siv Neverdalen

I Høydalsmo barnehage skal me lage ein god og trygg kvardag for barna, og skape gode barndomsminner,
Personalet i barnehagane i Tokke kommune vil arbeide vidare med prosjektet inkluderande barnehage, Betre Tverrfagleg Innsats (BTI) og Leik som regulering.
Alle barn og unge har rett til omsorg og trygg oppvekst. Dette er overordna alle andre omsyn.
Fokuset er leik, venskap og gode relasjonar. Me vil ha fokus på korleis me er saman med andre, og at alle kjenner at dei høyrer til i eit trygt og godt fellesskap. Rammeplanen seier : «Barnehagen skal bidra til barna trivst og opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi, og han skal førebyggje krenkingar og mobbing. Om eit barn opplever krenkelsar eller mobbing, må barnehagen handtere det, stoppe det og følgje det opp. Barnehagelova § 41-43 er her sentrale i vårt arbeid (psykososialt barnehagemiljø).

Me vil vere aktive vaksne som er til stades der det er leik og samspel. Barnehagen skal vere ein trygg og utfordrande stad der barna kan prøve ut ulike sider ved samspel, fellesskap og vennskap. Barna skal få støtte i å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjend med eigne og andre sine kjensler.

Årshjul og tema for Høydalsmo barnehage vil og kome fram i mnd. planar og månadsbrev i tillegg til denne årsplanen.

KOMMUNIKASJON

Du kan følgje med på barnet ditt gjennom dagen med Visma Flyt Barnehage me brukar den til dialog mellom heim og barnehage.

Bilete i dagboka, månadsplan og beskjedar finn du og her.

På Visma skal du:
Skrive beskjedar.
Melde om fråvær (sjukdom, ferie/fri).
Krysse av på samtykkeskjema

Last ned «Visma- min barnehage» frå App-store eller Google play. Logg inn med ID-porten, velg din kommune ved å skrive inn Tokke. Logg inn med elektronisk ID, lag og bekreft ein personleg PIN-kode.

FORELDRESAMARBEID

«Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen vareta barnas behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.» Jf Barnehagelova §1

Levering og henting er naturlege situasjonar for kontakt mellom foreldre/føresette og personalet.

Barnehagen tilbyr to foreldresamtaler gjennom året, ein på hausten og ein på våren. Er det noko utover desse samtalen er me opne for fleire møter.
Det vert to foreldremøter i løpet av året, eit på hausten og eit på våren.

Alle barn i barnehagen skal ha 4 veker ferie i løpet av året, 3 av dei skal vere samanhengande. Barnehagen er stengt fem dagar i barnehageåret i samband med kurs- og planleggingsdagar for dei tilsette.

Samarbeidsutvalet sine representantar i foreldregruppa vert valt om hausten kvart år, ofte på det fyrste foreldremøte. Det bør/kan veljast ein foreldrerepresentant frå kvar avdeling. Det bør/kan og veljast ein vara, som rykker opp som foreldrerepresentant året etter. Foreldrerepresentantane skal representere foreldra og sitte i samarbeidsutvalet. I samarbeidsutvalet sit det (dei siste åra) to foreldrerepresentant, to representant for barnehagen (avdelinga), ein representant frå eigar (politikar). Styrar kan koordinere saker/ møta.

FORVENTNINGAR

Dette kan du forvente av oss:

- Du skal møte nære, omsorgsfulle personale som gjev mykje kjærleik, glede og humor skal vere eit viktig element i kvardagen vår.
- Du skal føle deg trygg på at barnet ditt vert sett og høyrt i barnehagen.
- Du skal bli møtt på høfleg og respektfull måte.
- Du skal møte eit positivt personale som gjev god informasjon om barnehagens kvardag, slik at du kjenner deg trygg på at barnet ditt får ein god dag.
- Du skal få god informasjon om barnehagen gjennom årsplan, månadsplaner og månadsbrev.
- Du skal forvente at me samarbeider med deg og hjelpe til med å gje ditt barn ei god utvikling i leik med andre barn, og i kontakt med oss vaksne.
- Du skal kjenne tryggleik for å ta opp ting du er usikker på, misfornøgd med eller lurar på.
- Du skal vite at personalet og vikarar har teieplikt.
- Du kan forvente at me er serviceinnstilt og brukarvennlege.
- Du kan forvente at me stadig har som mål å tenkje og utvikle kvalitet gjennom fagleg oppdatering.

Dette forventar me av deg som føresett:

- Du gjev oss nødvendig informasjon om barnet ditt, slik at me veit om helse, søvn, dagsform og eventuelle endringar i familiesituasjon.
- Du møter opp på foreldremøte, foreldresamtaler, dugnad og andre arrangement som barnehagen har ansvar for.
- Du les planane våre og held deg orientert om det som skjer rundt barnet i dagleglivet i barnehagen.
- Du gjev konstruktiv tilbakemelding på saker som opptek deg.
- Du ringer og gjev beskjed dersom barnet ditt ikkje kjem, eller om de er forsinka. Du må også gje beskjed om det er andre som skal hente barnet ditt. Og det er viktig at du tek kontakt ved bringe- og hentesituasjonar.
- Du har til ei kvar tid oversikt over at barnet ditt har nok skift og hensiktsmessige klede i høve til årstid, vær og temperatur.
- Det du ser i barnehagen av andre barn skal ikkje vere samtaleevne utanfor barnehagen.

PERSONALSAMARBEID

«Barnehagen er ein lærande organisasjon der heile personalet skal reflektere rundt faglege og etiske problemstillingar, oppdatere seg og vere tydelege rollemodellar. Dei skal ivareta relasjonar mellom barna i grupper, mellom barn og personalet og mellom personalet og føresette». R-17.

For å få ein god barnehage er det viktig å drive med utviklingsarbeid og skape eit godt samarbeid. Dette lokalt, i kommunen og på tvers av kommunegrenser. For å utvikle oss i personalgruppa brukar me plandagar, pedagogisk forum, ulike kurs/foredrag, nettverksmøte i kommunen og FSB (forum for systemretta arbeid i barnehage)- eit samarbeid mellom kommunen og PPT. Me har og lokale personalmøter og avdelingsmøter med jamne mellomrom, og pedagogisk leiarmøte to gonger i månaden.
Det er fem planleggingsdagar i løpet av året, då er barnehagen stengt. Der er det tid til rettleiing, kursing av personalet, planlegging og evaluering.

Me vaksne i barnehagen skal vere gode rollemodellar, førebilete og god støtte for barna i barnehagen. Det er viktig at me ser kvart enkelt barn og at kvart enkelt barn føler det blir sett.

Våre eksterne samarbeidspartnerar er:

- BUP – Barne- og ungdoms psykiatri
- PPT – Pedagogisk og psykologisk teneste
- Barnevern samarbeidet i Vest –Telemark
- Barnehagar i nabokommunane - via Barnehageforum
- USN – Universitetet i Sørøst-Norge

Dette treng barnet ditt i barnehagen:

Skiftetøy: sokkar, bukse, genser, truse o.l. Her vurderer føresette kor stort behovet er med tanke på kor mykje klede ein skal ha med. I nokre periodar vil det vere naturlig med ekstra skiftetøy, t.d. bleieslutt eller vått ver.

Mellomlag av ull/fleece treng dei vår, haust og vinter.

For småbarn er det viktig at vottane har god gripeevne, og passar barnets hendar. Me erfarer at tynne vottar (gjerne ull) kan varme godt på hausten/ ved litt kaldt ver. Regnvottar er best ved mildt og vått ver. Tjukkare vottar på vinteren er bra.

Overtrekkslag kan vere dress, ute-bukse eller regnsett. Det er viktig og sjekke strikken under skoa.

Sko som passar til årstid. Inne-sko er godt (lette joggesko, sandaler eller tøflar)

Sovebarn treng vogn, vinter-sovepose. Desse skal sove i eit svalt soverom. Sutt og kosedyr treng merking.

Ved merking av klede er det lettast for oss med namn og/eller etternamn. Det kan bli misforståingar ved andre namn me ikkje kjenner til.

Dei treng drikkeflaske/drikkekopp. Me erfarer at drikkeflasker med «drikketut» og ikkje «open tut» er enklast for dei minste barna.

På sommarhalvåret ynskjer me at barna blir smurt med solkrem heime før dei blir levert i barnehagen. Om de legg att ein solkrem kan me ettersmørje etter frukt.

Som vaksne skal me alltid hugse på å vera:

STØRRE: Større enn barnet, du kan ta grep, organisere, planleggje, førebu og ha kontroll på situasjonen. Når barnet kjenner at du som vaksen er større på denne måten, vil dei kjenne seg trygge!

STERKARE: Sterk nok til å beskytte barnet fysisk, men og sterkare enn barnet kjenslemessig. Når barnet blir stressa, redd, sint eller frustrera, må dei vaksne har styrke nok til å stå i dei vanskelege kjenslene. Når me vaksne gjeng ned på sama nivå som barnet, t.d. blir like ute av oss som barnet, merkar barnet at me blir svake og kan kjenne seg utrygg.

KLOKARE: Barn treng vaksne som forstår meir enn dei, som kan forklare kva som skjer rundt dei. I vaksne si forståing og kunnskap ligg og mogelegheita til å forstå kva som skjer med dei emosjonelt. Når den vaksne kan seta ord på det barnet kjenner og gje det ei utvida forklaring på reaksjonen sin, vil barnet både roe seg raskare, og samtidig bli betre kjent med seg sjølv og sine eigne følelsar. Å vere klokare saman med barnet handlar og om å balansere det å vera større og sterkare enn barnet, samtidig behalde godheita. Altså: setja grenser, sei nei og ta tak, men utan å vere skremmande eller krenkande ovanfor barnet.

GOD: Med godheit meiner me at barnet opplever oss som venlege og snille. Å behalde godheita i dei situasjonane me må seta grenser og ta tak, styrkar barnets sjølvkjensle og verdighet på ein grunnleggande måte. Det gjer og at barnet lettare vil høyre på deg. Utan godheit, kan me koma til å virke skremmande på barnet.

TEMA GJENNOM ÅRET

LEIK, LEIKEMILJØ, VENNSKAP, INKLUDERING OG LÆRINGSMILJØ

Med hjelp av dei ulike ÅRSTIDENE drar me inn alle fagområda frå rammeplanen (R-17) og jobbar med progresjonsplanen (sjå tokke.kommune.no/høydalsmo barnehage/progresjonsplan).

KOMMUNIKASJON, SPRÅK OG TEKST

KROPP, RØRSLE, MAT OG HELSE

KUNST, KULTUR OG KREATIVITET

NATUR, MILJØ OG TEKNOLOGI

MENGD, ROM OG FORM

ETIKK, RELIGION OG FILOSOFI

NÆRMILJØ OG SAMFUNN

KVIFOR ER LEIKEN VIKTIG?

Mykje av kvardagen til barn består av leik. Leik er viktig og har stor meining for barnet si utvikling og evne til å bli sosial. Leik kan stimulere alle sider ved barns utvikling, og den er eit veldig sentralt område for læring.
Lillemyr, Ole Fredrik,universitetsforlaget 2009, *«Lek på alvor».*

Barn sin leik fortel oss vaksne mykje om deira læring, utvikling og evne til å bli sosial, samstundes som leikeopplevingar og leikeerfaringane barna får, gjev dei erfaringar dei har bruk for seinare, og som bidreg til deira læring og utvikling.
Leiken har altså ein eigenverdi for barnet.

Lillemyr, Ole Fredrik, universitetsforlaget 2011, *«Lek på alvor».*

LEIKEMILJØ

Barnehagen skal vareta barnas behov for leik

Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur. Leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling. Barnehagen skal inspirere til og gi rom for ulike typar leik både ute og inne. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik – åleine og saman med andre.

Personalet skal

• organisere rom, tid og leikemateriale for å inspirere til ulike typar leik

• bidra til at barna får felles erfaringar som grunnlag for leik og leggje til rette for utvikling av leiketema

• fremje eit inkluderande miljø der alle barna kan delta i leik og erfare glede i leik

• observere, analysere, støtte, delta i og gjere leiken meir verdifull på barna sine premissar

• rettleie barna dersom leiken medfører uheldige samspelsmønster

• vere bevisste på og vurdere si eiga rolle og deltaking i leiken

• ta initiativ til leik og aktivt bidra til at alle kjem inn i leiken

SPRÅKLEIK

Fem tips for å bygge opp språket med små barn.

1. Sett ord på alt
   Gjer det til ein vane å sette ord på alt de gjer i forskjellige situasjonar, og snakk om det de ser. Det er koseleg for barnet å ha denne kontakten med deg, og det bygg og opp ordforrådet og språket.
2. ..men lytt enda meir
   Vær merksam på alt som barnet sjølv uttrykker, til dømes med lydar, bevegelsar, mimikk og augo. Om me vaksne er flinke å lyttar vil barnet , vil

dei kommunisere meir med oss. Dersom me tolkar og set ord på det me trur barnet tenker, kan me få ein ordentleg , språkutviklande samtale – sjølv før barnet har sagt sine fyrste ord.

3. Bruk gestar og teikn
   Ved å bruke gestar, eller teikn, når me snakkar med dei små, forsterkar me det me seier, og støttar språkutviklinga. På denne måten visar me og korleis barnet sjølv kan bruke kroppen for å gjere seg forstått, før det kan ei eit ord. Alle dømer på å kommunisere på er gode!
4. Babl i veg, og byt på å lage lyd.
   Med pludringa trenar barnet på å få kontroll over alle dei små musklane me brukar når me snakkar. Me vaksne kan oppmuntre barnet ved at me leiker med lyd og lokkar barnet til å herme etter oss. Ha augekontakt, skjær morosame grimasar og babl i veg – det kan ta tid for barnet å « svare», men plutseleg skjer det.
5. Les, syng, bruk rim og regler
   Sjå i bøker saman, la barnet høyre sangar, rim og regler og bruk berøring og kiling. Barnet ditt likar å høyre stemma di og samlar samtidig opp ord, lydar og språkmelodi til den dagen då tida er inne for å begynne å bable sjølv.
   sprakbyggarna.no

Det finns uendelege situasjonar i kvardagen som eignar seg for å leike med språk. Me ynskjer å bruke dette.

På småbarnsavdelinga ynskjer me å bruke Babblarane i språkleik for å leike fram tale og språk. Bablarane er ein gjeng fargerike figurar, men me har også bøker som omhandlar dei.

For nokon barn er Babblarna til konkret hjelp, og for andre fungerer dei meir som pedagogisk og morosam underholdning. Bøkene er skrevet på ein slik måte at barnet får ein tydelig rolle i boklesinga og bidrar til å drive fortellinga framover. Å lage lyd og bable er bærande element, men turtaking og begrepslæring er og viktige innslag.

AUGUST

TILVENNING PÅ TUSS OG TROLL

OPPSTARTSAMTALAR

I år er me så heldige å få starte i ein heilt ny barnehage og derfor blir det tilvenning for alle Tussar, Troll og for personalet.

Tilvenning og oppstart

I Høydalsmo barnehage har me eit eige informasjonsskriv som blir sendt ut til nye foreldre, der det er praktisk informasjon om den fyrste tida. Me inviterar til ein oppstartssamtale med styrar og pedagogisk leiar, ei samtale der me deler informasjon som skal vere til nytte for barnet. I barnehagane i Tokke kommune praktiserer me 10 dagars tilvenning, me prøvar å legge til rette til at nokre av desse dagane kan nyttast før permisjonen er over.

Målet for perioden med tilvenning er ikkje å trene barna og foreldra til å «seie ha det» til kvarandre, men å gjere både barn og foreldre så trygge på barnehagen at det kan opplevast greitt å skiljast. Kor lang tid dette vil ta vil variere frå barn til barn.

PLANLEGGINGSDAGAR BARNEHAGEN STENGT:

Måndag 15.08

Tysdag 16.08

SEPTEMBER

TILVENNING forts.

BRANNVERNVEKE

HAUSTTUR TIL LÅRDAL

FORELDREMØTE tysdag 20.09

Omsorg og tryggleik:
Tryggleik er eit grunnleggjande fundament for vidare læring. Den trygge tilknytinga er nødvendig for at barn skal utvikle seg maksimalt.

Me set av god tid til tilvenning for kvart enkelt barn. Barna skal få mogelegheit til å føle tryggleik til personale og barnehagen, før dei skal ta denne arenaen i bruk utan føresette ved si side.

Me delar dei daglege små opplevingane. Ved at me er til stades, leikar, ler og undrar oss saman med barna, skapast gode læringssituasjonar. Gjennom slike felles opplevingar ynskjer me å gje barna verdifulle barndomsminne og bidra positivt i barnets danningsprosess.

I brannvernveka vil me prate om brannvern i barnehagen og heime. I barnehagen vil me vise nødutgangane og korleis dei skal gjere dersom det oppstår røykutvikling eller ein brann. Me vil og ha ei brannøving i dei nye lokala.

I vår har me sådd m.a. poteter i Lårdal og me vil ha ein dag i dei gamle lokala der me haustar inn det me har sådd.

OKTOBER

VERDSDAGEN FOR PSYKISK HELSE

FN-DAGEN

ELGFEST

HAUSTFERIE FOR SKULEN I VEKE 41

Samhald:

Me vil lære å ta vare på kvarandre. Me skal lære oss å setje oss inn i andre sin situasjon. Ungane skal få fortelje si historie, kven er eg. Gjennom desse samtalene skal me bli betre kjend og få vita meir om kvarandre sin bakgrunn og dermed knytte tettare band.

Me skal ha respekt for kvarandre, vere inkluderande, opne, demokratiske og forståelsesfulle.

10. oktober er verdsdagen for psykisk helse. I år er temaet: Me trenger kvarandre #løftblikket

I barnehagen vil me ha fokus på vennskap, mangfald og gjensidig respekt

Barnehagen skal fremje respekt for menneskeverdet ved å synleggjere, verdsetje og fremje mangfald og gjensidig respekt. Barna skal få oppleve at det finst mange måtar å tenkje, handle og leve på. Samtidig skal barnehagen gi felles erfaringar og synleggjere verdien av fellesskap. Barnehagen skal vise korleis alle kan lære av kvarandre, og fremje nysgjerrigheit og undring over likskapar og forskjellar. Barnehagen skal bidra til at alle barn føler at dei blir sett og anerkjende for den dei er, og synleggjere den enkelte sin plass og verdi i fellesskapet. Barnehagen skal bruke mangfald som ein ressurs i det pedagogiske arbeidet og støtte, styrkje og følgje opp barna ut frå dei kulturelle og individuelle føresetnadene. Barnehagen skal synleggjere variasjonar i verdiar, religion og livssyn. Det skal vere plass for ein åndeleg dimensjon i barnehagen som må brukast som utgangspunkt for dialog og respekt for mangfald. Barnehagen skal leggje til rette for kulturmøte, gi rom for barna si eiga kulturskaping og bidra til at alle barn kan få oppleve glede og meistring i sosiale og kulturelle fellesskap. Barnehagen skal by på varierte impulsar, opplevingar og erfaringar og omfatte lokale, nasjonale og internasjonale perspektiv. Barnehagen skal synleggjere samisk kultur og bidra til at barna kan utvikle respekt og fellesskapskjensle for det samiske mangfaldet. Barnehagen skal synleggjere eit mangfald i familieformer og sørgje for at alle barn får spegla familien sin i barnehagen.

NOVEMBER

FØREBU ADVENTSTIDA

BOK-KALENDER

DAGENS TEIKNING

BARNESAMTALER
FORELDRESAMTALER

PLANLEGGINGSDAG
BARNEHAGEN STENGT
Måndag 14.nov.

Sosial kompetanse:

Målet for året er å skape gode relasjonar og vennskap. Me vil ha fokus på leik og samarbeid. Me vil førebygge diskriminering og mobbing, og fremme empati og medkjensle. Venskap og gode relasjonar skaper trivsel og utvikling. Barna skal oppleve meistring, og me skal styrke barnas sjølvkjensle gjennom sosiale aktivitetar.

Bli kjent med ulike kjensler, kjenne igjen ulike kjensler hjå andre. Og elles problemløysing.

Danning:

Danning handlar i hovudsak om å gje barn mogelegheit til å utvikle sine kunnskapar eller ferdigheiter, slik at dei vidare i livet kan gjera etisk grunna val. Gjennom gode danningsprosessar blir barn i stand til å handtere livet ved at dei utviklar evna til å vere prøvande og nysgjerrige på omverda og til å sjå seg sjølve som ein verdifull medlem av eit større fellesskap. Danning er meir enn utvikling, meir enn læring, meir enn omsorg, meir enn oppseding og meir enn sosialisering. Samtidig rommar danning alt dette. Å gjera både positive og negative erfaringar rundt ulike ting, og kjenne på korleis det kjennes på godt og vondt, er viktig læring å ta med seg vidare. Danning er difor ein livslang prosess som er tett samanvevd
med og dannar grunnlaget for omsorg, leik og læring.

Barns medverknad:

Barns medverknad er eit vidt begrep. Det at barn viser initiativ til å gjera ein konkret ting, eller at personalet gjer større strukturelle endringar av rom eller materiell, kan vere eksempel på dette. Endringar vert gjort på grunnlag av observasjonar og tolkingar av barnegruppas ulike behov. Til dømes kan me tilretteleggje avdelinga for ein spesiell type leik, dersom me ser at gruppa er opptekne av dette.

Barns medverknad betyr at deira meiningar og interesser skal bli høyrd og teke på alvor av oss som jobbar i barnehagen. Barna skal oppleve anerkjenning. Det er barna me er i barnehagen for. Då skal sjølvsagt deira ytringar spela ei rolle i kvardagen.

DESEMBER

ADVENT

JOLEFØREBUINGAR

JOLEGÅVER

JOLEBAKST

LUCIA

JOLEBORD FOR BORNA

JOLEFERIE OG HEILAGDAGER I DESEMBER

BARNEHAGEN STENGT:

Måndag 26.12

Rammeplanen for barnehage seier :
«Gjennom arbeid med etikk, religion og filosofi skal barnehagen bidra til at barna får kjennskap til grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, og blir kjende med religionar og livssyn som er representerte i barnehagen.

Personalet skal gi barna kjennskap til og markere merkedagar, høgtider og tradisjonar i den kristne kulturarven og andre religionar og livssyn som er representerte i barnehagen»

«Etikk, religion og filosofi er med på å forme korleis vi oppfattar verda og menneska, og pregar verdiar, normer og haldningar. Fagområdet ser særleg på barnehagen sitt samfunnsmandat og verdigrunnlag i eit samfunn som er prega av livssynsmangfald.

Barnehagen skal la barna få kjennskap til forteljingar, tradisjonar, verdiar, høgtider og gje dei erfaringar med at kulturelle uttrykk. Barnehagen skal skape interesse for mangfaldet i samfunnet og forståing for livsverda og levesettet til andre menneske. Gjennom å samtale om og undre seg over eksistensielle, etiske og filosofiske spørsmål skal barn få høve til sjølve å formulere spørsmål, lytte til andre, reflektere og finne svar. Slik skal barnehagen bidra til å leggje grunnlag for kritisk tenking og dømmekraft.»



JANUAR

TILVENNING TUSS

SNO OG IS

AKING OG SKI

PLANLEGGINGSDAG BARNEHAGEN STENGT

Måndag 02.01.

Bursdagar
Når barnet fyller år så er dette ein stor hending i barnets liv. Dette markerar me i barnehagen ved å henge opp flagg og bursdagsplakat. Bursdagsbarnet lagar i forkant av dagen ein bursdagskrone, dette er ein positiv forsterking. Me har bursdagssamling, der barnet er i sentrum og der vaksne og barn gjer stas på barnet. Dette kan vere med på og utjamne sosiale forskjeller, inkludering og

I barnehagen skal alle barn kunne erfare å være betydningsfulle for fellesskapet og å være i positivt samspill med barn og voksne. Barnehagen skal aktivt legge til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap. Barnas selvfølelse skal støttes, samtidig som de skal få hjelp til å mestre balansen mellom å ivareta egne behov og det å ta hensyn til andres behov.

(Rammeplan for barnehager, 2017)

Rydderutinar i barnehagen.

I barnehagen har leikene sine faste plassar. Når leikene blir rydda og sortert på sin faste plass, blir det skapt trygghet for barnet. Dei minste barna lærer raskt kvar dei skal finne tinga dei treng på denne måten. Barna treng rutinar og system.
Det er læring i rydding. Å rydde kan handle om mattematikk. Leikene har ulike fargar, formar og størrelsar og kan sorterast etter ulike plassering/ eigenskaper. (lego i ein kasse, småbilar i ein kasse og store bilar i anna kasse) Rydding kan vere med på å trene grovmotorikken. Det er fysisk aktivitet med meining.
I barnehagen har barna rutinar på å rydde litt før ny leik og dei kan hjelpe til med å dekke på til mat og rydde etter seg etterpå.
Det er og ynskjeleg at foreldre er med oss på dette; hjelper barne å rydde før dei reiser heim etter ein barnehagedag.
Regelen er her : Rydde ein sykkel eller leiker etter alder. (2 år = sykkel / to leiker / 5 år = sykkel/ rydde fem leiker)

FEBRUAR

SNO OG IS

AKING OG SKI

SAMEFOLKETS DAG

FASTELAVN

KARNEVAL med «YRKER» som tema

VINTERFERIE PÅ SKULEN VEKE 8

Me markerar

Samefolkets dag 6. februar

Me lærer

Gratulere med dagen!

Lihkku beivviin!

1 - Okta

2 - Guokte

3 – Golbma

God dag – Buorre beaivi

Takk - Giitu

Karneval

Selve orda karneval betyr bokstaveleg talt å fjerna kjøttet, og viser til fasta, som framleis er ei viktig markering for både katolikkar og protestantar i heile verda. I mange land blir det feira karneval med kostymefestar og festlege paradar. Den mest berømte karnevalsparaden i verda er i Rio de Janeiro, Brasil. Det er òg store folkefestar som Mardi Gras i New Orleans, USA og maskeradeballet i Venezia, Italia. I Noreg er det mest barna som feirar karneval med utkledningfestar i barnehagar, på skular og i bursdagsselskap rundt denne tida.

MARS

KROPPEN

BARNEHAGEDAGEN

ROKKESOKK

FRIST FOR Å LEVERE

PÅSKEFERIELISTE

STOPP-regel:

«Når nokon gjer noko mot meg som eg ikkje likar, skal eg seie «STOPP».
Eg skal seie «STOPP» når andre vert plaga.
Eg skal respektere at andre seier «STOPP»». –
Tokke kommune sin handlingsplan mot mobbing.

«Jeg er meg, min meg». Det er viktig å lære at kroppen er min. Det er viktig å lære at ein kan sei stopp. Barn som lærer tidleg om kroppen, er mindre utsatt for overgrep seinare. Dei veit kva som er greitt og ikkje greitt. Med utgangspunkt i boka til Eli Rygg og Margrete Wiede Aasland, vil me snakke om kroppen og gode og vonde hemmelegheiter. Hemmelegheiter som er vonde å halde på, følast som stein i magen. Det er viktig å få fram at slike hemmelegheiter må me fortelje nokon om.

ROKKESOKK! I 2022 er det framleis slik at menneske med Downs syndrom og andre funksjonshemningar blir heldt utanfor fellesskapet. Dei opplever ofte låge forventningar og diskriminering i sosiale samanhengar.

Over hele verda blir Den internasjonale dagen for Downs syndrom (21. mars) markert i solidaritet og støtte, ved at me kan går i ulike sokkar. Valet av datoen skyldas at kromosompar nummer 21 kommer i tre utgåver hos dei med Downs syndrom, mens andre har to utgåver. Dagen ble første gang markert i 2006, og i 2011 ble datoen godkjent som FN-dag.

Kilde: rokkesokk.no

APRIL

PÅSKE

BOKVEKE veke 16

SÅING INNE

FORELDRESAMTALER

Me vil prate om våren og så frø i jorda for å sjå og oppleve at nytt liv spirer.

VERDAS BOKDAG 23.04.23 vil me i barnehagen markere med ei bokveke i veke 16. I samarbeid med biblioteket og skulen vil me ha ekstra fokus på litteratur for barn.



FRIST FOR Å LEVERE SOMMARFERIE-LAPPER

BARNEHAGEN STENGT

Torsdag 06.04

Fredag 07.04

Måndag 10.04

MAI

MARKERE NASJONALDAGEN

SÅING

Me markerar nasjonaldagen med å øve på å gå i tog, leike dei tradisjonelle leikar og eta pølser og is.



PLANLEGGINGSDAGER OG RAUDE DAGER

BARNEHAGEN STENGT:

Måndag 01.05

Onsdag 17.05

Torsdag 18.05

Fredag 19.05

Måndag 29.05

JUNI

PRIDEMÅNAD

REGNBOGE-FLAGGET

VATNLEIK SOLVETT

Barnehagen vil snakke om vennskap, mangfald, gjensidig respekt, likestilling og likeverd. Me vil markere dette ved å bruke regnbogeflagget hjå oss.

Likestilling og likeverd

Barnehagen skal fremje likeverd og likestilling uavhengig av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, etnisitet, kultur, sosial status, språk, religion og livssyn. Barnehagen skal motverke alle former for diskriminering og fremje nestekjærleik. Barnehagen skal byggje verksemda si på prinsippet om likestilling og ikkje-diskriminering og bidra til at barna møter og skaper eit likestilt samfunn. Alle skal ha like sjansar til å bli sett, høyrde og oppmuntra til å delta i fellesskap i alle aktivitetar i barnehagen. Personalet må reflektere over sine eigne haldningar for best mogleg å kunne formidle og fremje likeverd og likestilling (Frå R-17).



JULI/ AUGUST

SUMMAR

VATNLEIK

SNART SKULESTART

SOLVETTREGLAR



Henta frå helsebiblioteket.no

BARNEHAGEN HELD STENGT 3 VEKER I JULI

NYTT BARNEHAGEÅR